

Kjærland får avkøyrsle**09.06.2011**

Naustsaka til Edit og Gunnar Kjærland er no inne i eit positivt spor.
Dei har fått melding frå Statens vegvesen om at det kan pårekna løyve til utvida bruk av eksisterande avkøyrsle for parkering til naustet.
Men løyvet gjeld berre i høve til veglova og ikkje rettane overfor eventuelle andre grunneigarar.

Vegvesenet har også stilt ei lang rekke med krav.

Eitt av dei er at avkøyrsla skal vera godkjent av vegvesenet innan 3 år - elles fell tilsegsna bort

Parkerings- og snuplassen skal vera opparbeidd før nausttomt kan frådelast.

Avkøyrsla skal også kunne vere felles med eventuelle andre som på ein naturleg måte kan nytte same avkøyrsle.

Krav til frisikt 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minst 70 meter til begge sider.

Sikta fram- og bakover på vegen ved avkøyrsla må vere ,imst det same. Dette betyr at alle sikthindringar over ein halv meter i planet mellom avkøyrsla og fylkesvegen må fjernast.

Svingradius skal vere 4 meter.

Når avkøyrsla er opparbeidd etter krava vert bruksløyve gjeve av Statens vegvesen.

Av Ola Matti Mathisen